

ÅRSMELDING FOR 2018 – Indre Nordmøre Senioruniversitet

Indre Nordmøre Senioruniversitet hadde ein uformell start på nyåret 2011, og årsmøtet i 2012 (23/2) vedtok følgjande **vedtekter**:

§ 1 Senioruniversitetet for Indre Nordmøre omfattar kommunane Halså, Rindal og Surnadal.

§ 2 Senioruniversitetet er eit frivillig, ideelt og ikkje-kommersielt lag som er retta mot pensjonistar og interesserte elles som er ledig på dagtid. Siktemålet er å få til gode sosiale samvær og utveksling av kunnskap presentert på ein populær måte. Frå starten er det snakk om 2-3 arrangement i halvåret.

§ 3 Arrangementa vil primært dreie seg om populærforedrag og innleiingar til samtale og debatt. Men arrangementa kan og kombinerast med utstillingar, omvisningar eller "vandringar". Det blir lagt vekt på mest mogleg bruk av lokale ressurspersonar og personar med tilknytning til Indre Nordmøre.

Ut frå desse rammene er følgjande arrangement **gjennomført i 2018**:

17/1 Årsmøte 2018

Årsmøtet vart halde på Kulturhuset i Surnadal, med 30 til stades. Her vart det m.a. med tanke på betre informasjonsrutiner til medlemmane vedtatt å innføre medlemskap i laget, slik at medlemmar betalar 100 kr pr møte, og ikkje-medlemmar 150 kr. Ved årsskiftet 2018-19 var 44 personar registrerte som medlemmar i INS.

Etter årsmøtet var styret organisert slik:

Leiar : Helene Nergård (2018-20)

Sekretær : Eivind Hasle (2018-20)

Kasserar: Marie Drøivoldsmo (2018-20)

Nestleiar: Einar Oterholm (2017-19)

Styremedlem: Gunnvald Bøe (2017-19)

Varamedlem: Norvald Bondhus (2018-19)

Varamedlem: Kjellaug Foseide (2018-19)

Revisor : Jan Gausen (2018-19)

Turkomite: Marie Drøyvoldsmo og Gunnvald Bøe (2018-19)

Som program på årsmøtet vart det gjennomført ein songtime med ulike songar under leiing av organist Tor Strand, og vist på skjerm ved Einar Oterholm. Songtimen vart også dette året svært vellykka, og det kom oppfordringar om å få til slike songarrangement med jamne mellomrom.

Møte elles og turar/bedriftsbesøk

1/ 2: Kinoframsying i samarbeid mellom Rindal kino og Senioruniversitetet om filmen «Per Fugelli – siste resept». Ca 10 deltakarar var med frå Senioruniversitetet.

7/2: Operatur til Kristiansund for å sjå «Carmen». 40 deltakarar. Vellykka opplegg, med busstur, fellesmiddag på «Smia», orientering om stykket - og sjølve framsyninga.

21/3: «Nordmøre i litteraturen», ved Styrkår Brørs, Gunnvald Bøe og Eivind Hasle, på Kulturhuset. Presentasjon av eit lite knippe av nordmørsforfattarar. 32 personar til stades. Ein liten debatt kom i lokalpressa etterpå om utvalet.

30/5: Bedriftsbesøk hos Rindalshytter. Interessant orientering og omvisning – leia av Hege Gåsvand, og 24 deltakarar frå Senioruniversitetet.

19/9: Nils Aukan: «Undervassdykking og livet i Surnadalsfjorden». Knappt 30 til stades, på Kulturhuset. Spannande orientering – og fantastiske bilde frå det mangfoldige livet i Nordmørsfjordane, og ikkje minst utanfor kalkstranda på Glærum.

17/10: Bedriftsbesøk hos Røv Mølle med orientering om bedrifta og utfordringar for verksemda. Flott opplegg frå bedrift med ei lang historie i lokalsamfunnet, kombinert med servering av både graut og kaffe. 26 til stades.

21/11: Elin Anita Aasland: «Baking – kunst- og handverksfag – eller industrifag?» på Kulturhuset, med 20 til stades. Mangesidig tilnærming til både estetikk og til bakarfaget, og eit sterkt forsvar for norsk mat- og kornhistorie.

Det har elles vore styremøte i forkant av alle møta, med sikte på planlegging og førebuing, informasjonsarbeid, søknader etc. For styret har det vore oppmuntrande å registrere den jamnt gode oppslutninga om møta (bortimot 200 på dei 7 arrangementa), og tilskota vi har fått frå Surnadal Sparebank, Gjensidige og Svorka og dei aktuelle kommunane. (Vi viser til rekneskapan). I tillegg må nemnast den store velviljen vi kvart år møter hos bedrifter og på arbeidsplassar vi besøker. Siste året galdt det både Rindalshytter og Røv Mølle.

Det kan til slutt også nemnast at den krigshistoriske vandringa som Senioruniversitetet hadde i september 2017 i samarbeid med Forsvarsforeininga og grunneigar Øyvind Holte, vart fyldig omtala i «Du mitt Nordmøre» for 2018.

Kort om planar for våren 2019

23/1 Årsmøte med songtime.

14/2 Teatertur til operafestspelveka i Kristiansund for å sjå «Rigoletto».

Mars (27/3?): Møte med Anne Vognild Einum, om fotografering («Ein farfar i livet - »)

Mai/juni (22/5 eller 5/6?): Ekskursjon til Løkken, med omvisning, besøk på Orkla Industrimuseum og Bergmannskroa.

Styret